



FJELLREGIONSAMARBEIDET

Eit regionalpolitisk samarbeid mellom
fjellkommunar/regionråd og
fylkeskommunane i Buskerud, Hedmark,
Oppland, Sogn og Fjordane og Telemark

Vår sakshandsamar
Torunn H. Kornstad

Vår dato
01.12.09

Dykkar dato

1 av 5

Vår referanse

Dykkar referanse

Referat frå møte i Arbeidsutvalet 20. november 2009, 10-14.30.

Stad: Thon Hotell Opera, Oslo

Til stades:

Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune
Arne Vinje, Vinje kommune
Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune
Kjetil Lundemoen, Oppland fylkeskommune
Eivind Brenna, Opplandsregionar/kommuner
Olov Grøtting, Hedmarksregionar/kommuner

Forfall:

Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune
Olaug Grønseth Granli, Buskerudregionar/kommunar

Til stades frå administrativ arbeidsgruppe:

Kay H Bjerke, Buskerud fylkeskommune
Thrond Kjellebold, Telemark fylkeskommune
Ann Marit Holumsnes, Hedmark fylkeskommune
Torunn Kornstad, Hedmark fylkeskommune

Forfall administrativ arbeidsgruppe:

Trond Carlson, Oppland fylkeskommune

Referent:

Torunn H. Kornstad

Saksliste:

- | | |
|---------|--|
| 35/2009 | Referat frå møtet i AU 24.09.09. Vedlegg |
| 36/2009 | Definisjon av omgrepet "Fjellregionane". |
| 37/2009 | Styrerepresentasjon i Euromontana |

38/2009	Rådsmøte i Fjellregionsamarbeidet 2010
39/2009	Møteplan for Arbeidsutvalet fyrste halvår 2010
40/2009	Orientering om FjellNorge

Sak 35/2009 Referat frå møtet på Thon Hotel Opera 24.09.09

Forslag til vedtak:

”AU godkjenner referatet frå møtet 24.09.09.”

Sak 36/2009 Definisjon av omgrepet ”Fjellregionane”

Arbeidsutvalet gjorde 24.09.09 følgjande vedtak:

”AU meiner det er viktig å definere omgrepet fjellregion, og kva som skil fjellregionane frå distrikta generelt.

AU ber sekretariatet invitere sentrale forskingsmiljø til å laga eit prosjektopplegg for dette arbeidet.

AU er villige til å løyve inntil kr 75.000 til prosjektet.”

Fjellregionsamarbeidet mottok 19.10. eit brev frå Kommunal- og regionaldepartementet der dei skriv at dei takkar for innspelet til Distriktsmeldinga, og viser til at fleire av forslaga er tatt inn i stortingsmeldinga i kap. 6.2.

Vidare skriv dei:

”Departementet er opptatt av å øke kunnskapsgrunnlaget i spørsmål knyttet til fjellområdene. Vi vil derfor ta initiativ til en gjennomgang av hva som særpreger fjellområdene, herunder en geografiavgrensning av disse særpregene. Fjellregionsamarbeidet vil bli invitert til å delta i en referansegruppe i forbindelse med denne gjennomgangen.”

Diskusjon:

Det var stor semje om å takke ja til invitasjonen frå KRD om å delta i arbeidet, og at vi skal ta ein aktiv rolle i referansegruppa. Det viktige i arbeidet blir å finna kva som skil fjellområda frå andre distrikt, slik at det kan utformast ein spesiell politikk for fjellområda. Dette krev nyansering og konkretisering, men det var skepsis til om utarbeiding av kart er riktig i ein slik samanheng – kriterium kan vera betre. Landbruksområdet må vektleggast særleg. Det er også viktig at den som sit i gruppa har god kontakt direkte med medlemmane og politikarane i fjellområda.

I samanheng med fokuset på landbrukspolitikken kom det fram at fylkeskommunane nå får ein del nye oppgåver knytt til dette. M.a. er det frå 2010 dei som skal komma med innspel til jordbruksforhandlingane på fylkesnivå. Det vart tatt opp at dei fem fylka kan samordne sine innspel når det gjeld landbruk i fjellområda. Oppland har alt starta dette arbeidet, og kan laga eit grunnlag for denne delen av innspela. Vi må også vera aktive i høve til den nye landbruksmeldinga som skal komma i 2011.

Sjølv om KRD nå vil arbeide med å finna særprega i fjellområda, var det semje om at Fjellregionsamarbeidet skal halde fram med sitt eige arbeid på området, jfr. vedtaket frå AU-møtet 24.09.09.

Som representant i referansegruppa vart Kjetil Lundemoen frå Oppland fylkeskommune foreslått. Han får da oppfølging frå sekretariatet.

Sekretariatet får i oppdrag å sende ein henvendelse til KRD for å avklare oppgåver og framdrift.

AU gjorde følgende vedtak:

”AU stiller seg positivt til at Fjellregionsamarbeidet deltar i ei referansegruppe til arbeidet som KRD skal gjennomføre med å definere særprega med fjellregionane. Arbeidet blir sett i samanheng med vedtaket som AU gjorde 24.09.09. AU føreset at dette arbeidet blir sett i gang slik at det kan leggast fram for Rådsmøtet. Kjetil Lundemoen frå Oppland blir vald som Fjellregionsamarbeidet sin representant i referansegruppa.”

Sak 37/2009 Styrerepresentasjon i Euromontana

Bakgrunn:

Tor Bremer frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har vori vald som styrerepresentant i Euromontana. Han har nå vorti vald som stortingsrepresentant, og har gitt beskjed om at han ikkje kan ha dette styrevervet meir.

Sogn og Fjordane vart på bakgrunn av dette bedt av sekretariatet i Euromontana om å komma med namn på ein ny styrerepresentant. Dei har bestemt at Åshild Kjelsnes, som er ny fylkesvaraordførar, skal erstatte Bremer.

På Euromontana si generalforsamling i Arantzazu 14. oktober vart dette tatt opp frå leiinga, der dei ba om godkjenning frå salen for at Kjelsnes erstattar Bremer. Det vart da reist motforestillingar frå Buskerud, da dei meinte at det ikkje var automatikk i at Sogn og Fjordane framleis skulle ha denne styreplassen.

Leiinga i Euromontana valde da å utsetta spørsmålet om kven som skal ha den nye styreplassen til neste styremøte, som er i Maribor 2. desember. Spørsmålet vart diskutert blant dei norske delegatane på generalforsamlinga, og det vart etter kontakt med leiar Svein Borkhus bestemt at spørsmålet blir tatt opp til diskusjon i Arbeidsutvalet.

Innspel til diskusjonen (frå saksutgreiinga):

- Sogn og Fjordane er, som dei andre fylkeskommunane, direkte medlem i Euromontana
- Euromontana har ingen retningslinjer for kva dei gjør når ein styremedlem trekker seg midt i valperioden
- Euromontana tolka det sjølv slik at det var Sogn og Fjordane som skulle komma med ein ny styremedlem
- Dei var likevel opptatt av at dette ikkje skapar splid i Norge, og at vi bør vera samde om kven som skal vera styremedlemmar
- Dersom det er interesse blant fleire fylke for å ha ein representant i styret, bør kanskje representantane byttast ut oftare

Saka reiser nokre spørsmål, både i høve til Euromontana og vår eiga tilknytning til organisasjonen. For Euromontana sin del bør dei sjå på retningslinjene og valordninga. Det blir i dag ikkje valt vararepresentantar for styremedlemmane, men det er i staden svært mange styrerepresentantar. Retningslinjene for Euromontana har ingenting som fortel kva ein gjør når nokon trekker seg frå styret, og det kan gå an å ta opp dette i samband med neste generalforsamling. Det må da sendast inn forslag til dette frå Fjellregionsamarbeidet.

Det er også slik at det er dei einskilde fylkeskommunane som er medlemmar i Euromontana, mens Euromontana på si side ser på Fjellregionsamarbeidet som ein overbyggande organisasjon for alle fylkeskommunane som er medlemmar. Det er mogleg å diskutere om Fjellregionsamarbeidet som ei formell ordning skal nominere styremedlemmar til Euromontana, og at ein da får sett fylka under eitt. Dette kan i så fall takast inn i retningslinjene for FRS.

Diskusjon:

Arbeidsutvalet hadde ein grundig diskusjon rundt denne saka. Dei konkluderte med at det viktige var at den som skal vera styremedlem i Euromontana bør ha erfaring frå og tilknytning til AU i Fjellregionsamarbeidet. Arbeidsutvalet meinte også at Fjellregionsamarbeidet bør få ei formell koordinerande rolle i høve til kven som representerer Norge i styret i Euromontana. Det la også vekt på at det ikkje bare skal vera fylkeskommunane som har styrerepresentantar i Euromontana, men at medlemskommunar/-regionar gjerne kan ha den eine styreplassen.

I høve til Euromontana ønskjer AU at sekretariatet til neste møte utformar eit brev der vi ber om klarare retningslinjer når det gjeld erstatning av styremedlemmar som fell frå i valperioden.

Sogn og Fjordane ønskte (tatt bort: i utgangspunktet) å halde fram med å ha ein styrerepresentant i Euromontana, og fremja følgjande forslag:

”Sogn og Fjordane sin fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes frå Sogn og Fjordane blir vald inn i styret i Euromontana ut valperioden. Sogn og Fjordane blir bedt om å velja Kjelsnes som sin nye representant i Arbeidsutvalet for Fjellregionsamarbeidet.”

Dette forslaget vart trekt fordi det ikkje fekk oppslutning frå AU.

Arne Vinje fremma forslag om Olov Grøtting frå Fjellregionen som styremedlem frå Norge fram til generalforsamlinga på Lillehammer i september. Regionrådet for Fjellregionen er direkte medlem i Euromontana, og når Grøtting også sitt i AU for Fjellregionsamarbeidet, oppfyller ho dei krava som AU-medlemmane la vekt på i diskusjonen.

Leiar Svein Borkhus la fram for Arbeidsutvalet at det dersom Grøtting vart vald kom til å bli to styrerepresentantar frå same fylke. AU såg ingen problem knytta til dette, da det la stor vekt på at den eine representanten kjem frå kommunane/regionane.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

” Arbeidsutvalet går inn for at Olov Grøtting, Regionrådet for Fjellregionen (Røros og Nord-Østerdalen), blir vald som styrerepresentant i Euromontana etter at Tor Bremer har trekt seg. Dette skjer under føresetnad av at Fjellregionsamarbeidet dekker kostnadene med styredeltakinga hennar fram til neste generalforsamling i Euromontana.

Norge sin representasjon i styret i Euromontana blir tatt opp på neste Rådsmøte i Fjellregionsamarbeidet. AU meiner at representasjonen må bli samordna, og at FRS bør vera medlem av Euromontana som ein paraplyorganisasjon.”

Sak 38/2009 Rådsmøte i Fjellregionsamarbeidet 2010

Arbeidsutvalet vart bedt om å komma med forslag til kor neste års Rådsmøte skal arrangerast, og når. I 2008 var møtet i Sogn og Fjordane i mars, medan det var i Hedmark i juni 2009.

Det står i retningslinene at Rådet skal halde minst eitt møte med konferanse i året. Ut frå dette bør det difor arrangerast ein konferanse i tilknytning til Rådsmøtet.

Arbeidsutvalet ønskte at det vart tatt opp tema som flyttemotivundersøkinga (NIBR), Østlandsforskning si undersøking om kvifor ungdommen likevel ikkje flytter heim o.l.

AU gjorde følgjande vedtak:

”Fjellregionsamarbeidet arrangerer i 2010 Rådsmøte med konferanse i Buskerud onsdag 14. april, ev. 15. april. Møtet med konferansen blir arrangert på éin dag.

Buskerud saman med sekretariatet legg fram eit forslag til opplegg for Rådsmøtet/konferansen til neste møte i AU.”

Sak 39/2009 Møteplan for Arbeidsutvalet fyrste halvår 2010

Det vart ikkje gjort noko vedtak om ein fast møteplan, men ut frå dei faste møtedagane som AU-medlemmane har, kom ein fram til at fredag er den beste møtedagen. Det må vera eit møte i AU før Rådsmøte med konferanse i april.

Sak 40/2009 Orientering om FjellNorge

Liv Bjerke frå Oppland fylkeskommune hadde ei orientering om FjellNorge – kvifor dei har oppretta dette merkenamnet, korleis dei marknadsfører det og korleis dei vil utvikle det vidare. Dei ønskjer her å få med meir av fjellområda i Sør-Norge.

Forslag til vedtak:

”Arbeidsutvalet tar orienteringa om FjellNorge til etterretning.”

Orienterings- og referatsaker.

- 10/2009 Forvaltningsplanen for Hardangervidda
Orientering om kvifor ikkje Fjellregionsamarbeidet avgir uttale
Dei berørte kommunane kom ikkje med noko forslag til ein samla uttale.
På bakgrunn av vedtak i det førre AU-møtet vart det difor ikkje sendt nokon uttale frå FRS.
- 11/2009 Rekneskapsoversikt (lagt ved)
Ann Marit Holumsnes refererte kort om rekneskapsstatusen
- 12/2009 *Referat frå Euromontanakonferansen i Frankrike, ved Eivind Brenna.
Brenna måtte gå frå møtet før referatsakene, slik at denne saka fall bort*
- 13/2009 Referat frå Euromontanakonferansen i Baskarland, ved deltakarane
Det vart her vist til heimesida til FRS, der det ligg grundige referat frå konferansen og Euromontana si Generalforsamling
- 14/2009 Referat frå Bioforsk si Tankesmie på Fagernes 02.11.09
Torunn H. Kornstad refererte kort frå denne.
- 15/2009 EMC 2010
Utkast til program vart delt ut og referert kort.
(Sendast ut saman med referatet)

Orienterings- og referatsakene vart tatt til etterretning.